Tilbake til saken (http://www.nordhordland.no/nyhende/article3744939.ece)

GLEDE: Kristin Rongevær (t.v) og Lise Westervik seier det ligg mykje glede i å jobba som støttekontakt.

Treng påfyll av støttekontaktar

Behovet er stort.

Av Dagrun Stokke Publisert 27.08.2008 - 09:33

Har du lyst til å vera med og skapa ein meiningsfylt kvardag for andre? Det kan du dersom du melder deg som støttekontakt.

22 år gamle Lise Westervik var 17 år då ho melde seg som støttekontakt.

– Eg har ein bror som er autist, og såg difor kor viktig det er å ha ein støttekontakt. Difor ønskte eg gjera noko for andre, seier Lise.

Jobben som støttekontakt har ho framleis. Det har vore forskjellige personar ho har jobba med i dei fem åra, også samstundes.

Stort behov

– I ein periode hadde eg tre brukarar samstundes. Det betydde to ting: At eg faktisk fekk ei god nok løn til å leva av, men og at nesten all fritida mi gjekk med til dette. Men det viktigaste var gleda eg såg i brukaren sin auge når vi fekk til noko i lag, seier Lise.

– Som støttekontakt, tilbringer du tre til seks timar saman med den personen du er støttekontakt for, ein til to kveldar i veka. For dei som dette gjeld, kan det vera verdfulle timar, seier Kristin Rongevær, som er koordinator for støttekontakttenesta i Lindås kommune.

Akkurat no er behovet langt større enn personaltilgangen.

– Vi treng heile 25 nye støttekontaktar for å fylla behovet, seier Rongevær.

Glad i menneske

I utgangspunktet må du ha fylt 18 år eller vera eldre. I enkelte tilfelle, som for Lise, kan ein byrja når ein er yngre. For å ta ein slik jobb må vera glad i å jobba med menneske og ha lyst til å gjera noko for andre. Gode sosiale antenner er viktig.

– Det er forskjellige typar menneske som treng hjelp av støttekontakt. Barn som vaksne, kvinner som menn, folk med psykisk utviklingshemming, folk med enkle sosiale problem eller folk i ein sjukdomsperiode, for å nemna litt av spekteret, seier Rongevær.

Felles for dei alle er at dei har problem med å koma seg ut og gjera noko på eiga hand. Kanskje har dei òg sosial angst, eller det kan vera andre hindringar som gjer at dei ikkje kan organisera fritida si på eiga hand.

Ut i frisk luft

Å koma seg ut i frisk luft og gjera ting saman med andre folk, er helsebot for alle, men det er forksjellig kva kvar og ein klarar å uttretta.

– Det som vi ser på som viktig når vi fordelar støttekontaktane, er at den dei skal jobba med fungerer godt saman, seier Kristin Rongevær.

Lise Westervik seier at det er eit svært gjevande arbeid og at ho får like mykje glede att som dei personane ho hjelper. – Det får meg også opp av sofaen, seier ho og smiler.

Treningskontakt

Ein del av brukarane har behov for treningskontakt, og det går på fysisk trening på bane, på helsestudio eller i terrenget.

– Vi arrangerer eigne kurs for treningskontaktar. Dette kurset er viktig å ha for at du som rettleiar skal kjenna til korleis kroppen er bygd opp og kva type trening ein brukar kan tåla utan å lida overlast, seier Rongevær.

Alle som vil bli støttekontakt eller treningskontakt vil få den hjelpa dei treng til å koma i gang. Brukarane er frå fire år til seksti-sytti. I dag har Lindås kommune litt over femti personar i støttekontakttenesta, men må altså ha 25 til å for å stetta dagens behov.

Copyright declaration
Innholdet i utskriften er vernet etter åndsverklovens regler. Utskriften er kun til privat bruk og kan ikke benyttes på annen måte. Kopiering eller spredning av innholdet krever avtale med rettighetshaver eller Kopinor.